

Kyrkjetonar





Me har varme nok til alle

**Så står eg der forfjamsa
øvst på sigerspallen
tidleg påskemorgon
Ikkje visste eg at dette var ein
kamp
det gjekk an å vinna
Ennå mindre
at nokon hadde fullført
med mitt startnummer**

Sigrid Voster/@diddibomm

**Framsidebiletet:
Ein ny vår!**
les andakten på side 4
foto: Ståle Hustoft

Kyrkjetonar

Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær,
Førresfjorden og Nedstrand sokn.

Fire nummer i året: mars, juni,
september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft,
Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand.
Mobiltelefon 900 26 142,
e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Marie Vågshaug, Steinar Høyvik,
Ingrid Hustoft Landro og Liv Jorunn Frønsdal

Post til redaksjonen kan også sendast:
Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon:
52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 3240.07.61212.
VIPPS-nummer: 523083
Frivillig kontingent: kr. 150,-

Grafisk utforming: Ståle Hustoft

**Kyrkja i Tysvær og Bokn
Bokn, Tysvær, Førresfjorden og
Nedstrand sokn**

Telefon*: 52 75 77 00
Internett: www.tysvaerkirken.no
E-post: kyrkja@tysver.kommune.no

**Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær
og Førresfjorden sokn**
åpningstid: tirsdag, onsdag, torsdag og
fredag, kl. 10 - 14

Krigen i Ukraina har tatt uroa i
verda eit steg nærmare porten til
vårt rolige hjørne i verda.

Det er til ei kvar tid krig, konflikt
og humanitære kriser ein eller
annan stad i verda. Dei siste to
åra har me hatt vårt fokus på
koronapandemien, og menneske
på flukt langs landevegen i Afrika
eller i gummibåt på Middelhavet
har fått mindre merksem.

No er me vitne til den største
flyktingstraumen i Europa sidan
andre verdenskrig. Det tok
mindre enn to døgn frå krigen i
Ukraina bratt ut, før dei første
flykningane kryssa grensa til
Norge. Lastebil etter lastebil
med naudhjelp rullar ut frå
Haugalandet. Hjertevarmen
når nye høgder.

I vekene og månadane som kjem
vil mange fleire flyktningar koma
til Tysvær og Bokn. Me vil gje dei
husrom, utdanning og tryggleik.
Og me vil ta imot dei i kyrkjene
våre.

Om nokre veker kjem
konfirmantane på døra di og
samar inn penger til den årlege
fasteaksjonen til Kirkens Nödhjelp.

Kanskje kjennes det unaturleg å
gje penger til KN sitt arbeid for
reint vatn og opplæring i å dyrka
eigen mat, når krigen herjar i
Europa? KN jobbar også med den
humanitære situasjonen i Ukraina,
og landa rundt, men me må ikkje
gløyma dei andre krisene.

Varme, omsorg og hjerterom er
ikkje ein begrensa ressurs.

La oss ta godt imot flyktningane
frå Ukraina.

OG hjelpe dei som flyktar over
Middelhavet.

OG gje bistand til dei som er
ramma av jordskjelv.

OG gje verdig rusomsorg.

OG gje ein klem til ein ven i sorg.

La ingen kriser bli gløymt!

redaktørens hjørne



Ungdomsdiakon Lisbeth og menighetspedagog Janne

Rom for lek og formidling

tekst: Janne Eide

**Siden nyttår har det vært god gang i toppen av
Aksdal kirke. Det ryddes og kostes, males og
legges teppe.**

Mye er på gang – sløydsal i tårnrommet, utviding
av klatrevegg i gymsal, men ikke minst det tidligere
«konfirmantrommet» som nå omskapes til et leke- og
formidlingsrom først og fremst for småbarn.

Satsing på familiearbeid, at barn og unge familer skal
finne seg tilrette i kirka er ønske bak. Det er lettare
og mer inspirerende å arbeide, skape og trives når
rommets utforming legger tilrette for det.

Menighetspedagog Janne Eide og Ungdomsdiakon
Lisbeth Skilhagen Haaheim har gjennom Barne- og
ungdomsutvalget både fremma og dratt prosjektet,
med følgende motivasjon: Vi ønsker at rommet skal
ha en utforming som appellerer til lek og glede,
samtidig som vi kan ha trosformidling gjennom
elementene.

Vi ønsker et sanselig rom, som skal være lett å finne
fram i og holde god orden i.
Rommet har gode potensialer til å bli et godt og
hyggelig barnerom. Rommet kan være det gode og
spennende stedet å være under gudstjenesten
(søndagsskole), enkelte aktiviteter i Kyrkjenær og
under Kyrkjeonsdag.

I koronatid har flere ansatte og frivillige vært med
på dugnaden. Menighetsrådet godkjente prosjekt og
budsjett og har gitt «frie hender» i valg av farger og
materiale.

Rommet har spennende former og et par
 vinduskroker som vi skal lage hyggelig benkeplass
med masse puter i. Under skal vi ha lekekasser på
hjul. Der blir lego, rutsjebane og andre fine leker.
Noen bøker. Hyggelig sitteplass for voksne også.
Flanellografen skal få sin renessanse.

De myke teppeflisene gjør rommet lunt og det er
ingen problem å sitte på golvet. Så det trengs ikke
mange møbler.

Til neste KYRKJEONSDAG* 30.mars ser vi for oss at
det vil yre av liv på «kirkeloftet»!

*Kyrkjeondag er et uformelt arrangement for hele
familien, ca en onsdag i måneden kl 16-18: Middag
, samling, sang, lek og aktiviteter. Du melder på via
facebook-siden: Aksdal kyrkje og Førre kirke.



Mange i sving og godt engasjement!

**Sokneprest Tysvær sokn og Bokn sokn
Tor Egil Eriksen**
Mobiltelefon: 404 00 686

Sokneprest Nedstrand sokn

Dag Tormod Milje

Mobiltelefon: 934 15 401

**Sokneprest Førresfjorden sokn
Gjermund Lygre**

Mobiltelefon: 934 93 520

Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre

Diakon Synnøve Svensson Haakonseth

Ungdomsdiakon Lisbeth Skilhagen Haaheim

Menighetspedagog Hjørdis Kristina Støle

Menighetspedagog Eli Kolstad (vikariat)

Kyrkjelydspedagog Janne I. Eide

Menighetspedagog Kari Undheim

**Organistar
Johannes Støle
Steinar Alvsaker
Bergfrid Seibt**

**Kyrkjeverje
Tysvær kommune: Eva Birkeland
Mobiltelefon: 950 51 038
Bokn kommune: Jan Magne Moi
Mobiltelefon: 913 59 668**

**Administrasjonssekretær
Katrine Eide**

**Kyrkjeterarar
Odd Grønnestad: 52 74 84 03
Gunn Elisabeth H. Ertenstein: 976 18 216
Eva Keller: 936 75 972
Steinar Sælevik: 404 84 981
Karoline Landro**

Ein ny vår

på kyrkjebakken

Frå ein kald murkjellar høyrest skrik.
Primalskriket. Eit lite barn trekk pusten
for første gong. Utanfor smell bomber og
granatar. Flyalarmar, redsle, raske skritt.
Inne er det stille.

Det er lite som kan måle seg med stilla som oppstår når mor og barn møtest for første gong. Søkande blikk, pirrande melkeskvettar, varm hud. Undrande, naken, kjærleg er augneblinken der dei to finn kvarandre i gudgjeven, hellig symbiose.

Kontrasten er ubeskriveleg. Krig og tenners gnissel der ute. Stilla der inne.

Livskraft kan ikkje demonstrerast med jernhand og våpen. Nei, når eit tørt korn skyt grøne skot, ein mjuk knapp pressar seg fram gjennom asfalten, eit veikt bjørketre klamrar seg fast i bergveggen og ein nyfødt sug seg fast i brystet, då kjenner ein livskrafta. Skapt av Gud.

Det er mars og vårsola varmar husveggen, jordsmonn og menneske. Naboen kjem ut av hiet sitt og helsar på over hekken. Men over oss ligg ein skremmande skugge av uro. Kva kjem no? Kva møter den nyfødte? Kven tek vare på dei som kryssar grenser i fortvilning og som lengtar tilbake?

Livskraft. Jesus viste oss krafta i å elske og å tene. Han elska på jorda. Han elskar i døden. Han elskar i oppstoda. Med evig kjærleik har eg elskar dykk, seier Herren. (Jer, 31,3)

Midt i den kvelande tåkedisen pressar livskrafta seg fram or asfalten. Akkurat som om Han seier: Eg har ikkje gløymt dykk. Tru på meg.

I 2000 år venta Israelsfolket på at løftene til Abraham skulle verta innfridd. Då Maria fekk bodskapen frå engelen om at ho skulle bli mor til Messias, braut ho ut i lovsong til Gud:



Då sa Maria:
 «Mi sjel höglovar Herren,
 og mi ånd frydar seg i Gud, min frelsar.
 For han har sett til si tenestekvinne i hennar
 fattigdom.
 Og sjå, frå no av skal alle slekter prisa meg sæl,
 for store ting har han gjort mot meg,
 han, den mektige; heilagt er hans namn.
 Frå slekt til slekt varer hans miskunn
 over dei som ottast han.
 Han gjorde storverk med sin sterke arm;
 han spreidde dei som bar hovmodstankar i hjartet.
 Han støytte stormenn ned frå trona
 og lyfte opp dei låge.
 Han metta dei svoltne med gode gåver,
 men sende dei rike tomhendte frå seg.
 Han tok seg av Israel, sin tenar,
 og kom i hug si miskunn
 slik han lova våre fedrar,
 Abraham og hans ætt, til evig tid.»
(Luk 1, 46-55)

Gud heldt ord. Jesus kom. Han har lova å komme tilbake. Eg trur at det hender snart. Me skal få trøyste kvarandre med det, at Jesus kjem snart.
 Han har lova å stelle i stand ein betre plass for oss i Himmelten. Han har lova oss ei ny jord utan sorg, krig og tårer. Utan bomber og granatar. Han proklamerte si enorme livskraft då han steig ut av grava på påskedag og kvar vår minner han oss om det. Kyllingar bryt ut av egg, løvetann og hestehov bryt opp av asfalt og ingenting, kornet sprekk opp og lauvet sprett. Det kjem ein ny vår. Livskrafta er Gudgjeven.

Den vesle nyfødde i i bomberegnet sug seg fast i mor sitt bryst for å få dei livsviktige dråpane. I slik symbiose skal me få leve saman med Livgjevaren vår. I trygg visse på at han held det han har lova: Ein ny vår. Ein evig vår.

*Herren er mitt berg og mi borg og min utfriar,
 min Gud er fjellet der eg søker tilflukt.
 Han er mitt skjold og mi frelse,
 min styrke og mitt vern.*

(Salme 18,3)



Tysværdagen: Dåp

Tekst: Eva Birkeland

Tysværdagen 21. mai er en dag med folkeliv, underholdning og opplevelser. Tema i år er frivillighet, gjenbruk og digitalisering

Kirken vil denne dagen fokusere på dåp. Dåpen er en tradisjonsrik og høytidelig feiring av livet. Enten du ønsker barnedåp, voksenåp eller drop-in-dåp - Alle er velkommen til dåp i kirkene i Tysvær!

Utstilling av dåpskjoler

På Tysværdagen den blir det utstilling av gamle og nye dåpskjoler for alle aldre. Dåpskjolens og dåpluens historie i bilder, kjoler, video og mer.


Vi samarbeider med Anny Helen Guldbrandsen som gjennom mange år har samlet inn et stort materiale om dåpskjolen og dåpluer.

På Tysværdagen er gjenbruk sentralt - også i Aksdal kyrkje. Mange syr om brudekjoler og duker til nye dåpskjoler. Ta kontakt med kirkekontoret dersom du har en dåpskjole til utstillingen på Tysværdagen!

Minikonsert og dåpsskole

Det vil også bli en minikonsert i Aksdal kyrkje med ulike dåppsalmer.

Dåpsskolen for 6 åringene vil ha avslutning i kirken denne dagen. Og du vil finne stand om Kyrkjener sitt arbeid og informasjon om ulike muligheter for gjennomføring av dåp.



Gje fleire barn som Alefa
 reint vatn og ei framtid

For 250 kr
 gjev du eit menneske
 varig tilgang til reint vatn

VIPPS til 2426
 eller gje til konto 1594 22 87493

fasteaksjonen 2022


KIRKENES NÖDHJELP
 octalliance

**Her kan du
 betale med
 Vipps**

523083

Vipps-nummer

Har du lyst å støtte arbeidet med
 Kyrkjetonar så kan du gi ei gave eller
 betala den frivillige kontingenenten til
 VIPPS-nummer 523083

**Tysvær
 dagen**

Basar med grillmat

Fredag 20. mai inviterer Nedstrand sokneråd til basar med grilling. Me startar kl. 18.00 med grillmat på uteplassen til Soknatun.

Det blir servert både pølse og heimelaga karbonader med tilbehør. Etter at me er gode og mette vil me gå inn og fortsetja med song og musikk før me har åresal og loddrekning.

Me håper store og små, både frå Straumen og Nedstrand, vil kome og ha ein kjekke kveld saman med oss i Soknerådet

Nedstrand barneforening

**Basar tirsdag 12.april
kl 18.00 på Soknatun**

Andakt v/Lina F. Eide
Song av Soulkids
Bevertning

Små og store er varmt velkommen!



 normisjon

Go`Kveld: Påskesong

**Påskesong 7.april 2022
med Ole Aagnar Aadland og Anders Færevåg
Aksdal kyrkje, Kl.19.00.**


Tema: «Se vi går opp til Jerusalem». Servering, salatbuffe. Inngang kr. 100,-.



Blomstringstur til Hardanger

Nedstrand sokneråd inviterer til blomstringstur til Hardanger! Våren er på veg og det å oppleve blomstring av frukttrær er ei fantastisk oppleving.

Turen går med Suldal buss til Alvsaker der vi blir tatt imot på fruktgarden til organisten vår, Steinar Alvsaker. Her har han fleire tusen fruktre og dyrkar både eple, moreller, plommer og litt pære. I tillegg til det vi ser vil vi også få høre om kva som må til for å driva med fruktodling. Lunsj vil bli inntatt på Vines bedehus.



Vi vil på turen også besøka Agatunet, ha ei samling i vakre Utne kyrkje, og i Jondal tek vi turen (med buss...) opp mot Folgefonna. Pris for turen, inklusiv buss og mat blir kr 500 pr voksen.

Påmelding og eventuelle spørsmål til leiar i soknerådet Synnøve Bårdsen Lindanger (93878946) eller sokneprest Dag Tormod Milje (93415401).

Påmeldingsfrist (helst sms) innan 22. april.

av Lisbeth Skilhagen Haaheim

Programmet er tenkt som ei førebuing til påskehøgtida. Sidan det er ein nær samanheng mellom jul og påske, vil me starta «song-vandringa» vår i Betlehem: «Frå krubba til krossen gjekk vegen for deg. Slik opna du porten til himlen for meg» (E. Skeie).

Vidare vil me gjennom songprogrammet følgja Jesus på lidingsvegen til Golgata der han gir livet sitt for venene sine. Og så vil me mot slutten dvela ved det som skjer på påskedagen, sjølve høgdepunktet i vår kristne tru: «Jesus lever, gravi brast» og «Påskemorgen slukker sorgen»! Og på den måten feira Jesu oppstode litt på forskot!

Dei fleste songane er godt kjende for alle. Men me får og prøva oss på eit par nyare songar!

Kyrkjetonar nr. 1 - 2022

Vårbasar i Aksdal kyrkje

Aksdal kyrkjeinviterer heile familien til vårbasar i Aksdal kyrkje Laurdag 02.april kl.14.00 (merk tida!)

Me gler oss til:

- Andakt ved ungdomsdiakon Lisbeth Skilhagen Haaheim
- Song/musikk
- Kaffi/ saft, bollar og muffins
- Fiskedam
- Åresal- veldig fine og kjekke gevinstar!
- Loddsal
- Hovudtrekning



Me håper mange vil bli med oss på den trivelege basaren vår!

Velkommen!


Tidslinjen

av Janne Eide



Har du lagt merke til den vakre, fargerike plakatlinja som heng bak i kyrkjene i Skjoldastrauen og Nedstrand? Den er også i bruk i dei andre kyrkjene i Tysvær.

Tidslinjen – Den store fortellingen i Bibelen er eit knippe utvalde bibelhistorier illustrert i rekkefølge på ei tidslinje.



Dette er ein god reiskap for å bli nysgjerrig på, utforske og forstå bibelen sin samanheng – for små og store.

Når ein hører eller les forteljinga, kan ein sjå den inn i den store fortellinga. Og så kan ein stille spørsmål: Kva har dette å gjøre med MI forteljing?

På linja er det mot slutten, eit ope felt, VÅR TID, der ein kan plassere seg sjølv.



Nytt frå hausten 2021 er at alle historier med illustrasjonar og lydfiler ligg ope tilgjengeleg på nettet: www.bibel.no/tidslinjen. Der kan du også sjå ein video som viser tanken bak, og bruken av, Tidslinjen.



Tenner håp: Takondwa Phanga er agronom og brukar yrket sitt til å få bønder i Malawi ut av fattigdom.

Ein drope vatn gjev håp i tørken

tekst Anette Torjusen/foto Håvard Bjelland

Alt Takondwa Phanga (26) tar i spirar og gror, og det går gjetord om den flinke agronomen i mils omkrins. Sjølv har han berre eit mål og det er å dele raust med kunnskapen sin, slik at småbønder kan kome seg ut av fattigdom og svolt.

Tørke skaper akutt svoltkrisje for millionar av menneske kvar einaste dag.

Eit håp kan byrje med ein drope vatn. Det kan gje ei framtid utan svolt, fattigdom og konflikt. Vatn kan endre eit liv, ein landsby og eit land. Vatn er livsviktig. Ein av dei som ser det kvar einaste dag er agronom Tankondwa Phanga.

Vi er i landsbyen Chingagwe i Malawi, der tolv småbønder får opplæring i moderne jordbruk.

– Her hjelper eg småbønder med å få høgare kvalitet på avlingane sine slik at dei kan hauste meir og samstundes auke inntektene sine, fortel han.

Prosjektet starta i desember 2020, og allereie eit år seinare har bøndene tredobla inntektene sine. Sjølv gjev han opplæring i 17 område.

Målet er å få småbønder ut av fattigdom og svolt, samstundes som dei utviklar seg som bønder. I Malawi lever 80 prosent av landbruk, og så mange som fire millionar menneske manglar tilgang til vatn.

Dei tolv bøndene vi møter i dag, har investert i eit sett med kvalitetsfrø, eit vatningssystem og gjødsel. I tillegg lærer dei seg gode metodar for å utvikle jordbruket sitt.

– Jobben min er perfekt for meg. Lidenskapen min er å hjelpe bønder til å utvikle seg slik at dei kan få betre resultat. Gjennom jobben min kan eg vere med på å gjere ein forskjell.

Det tradisjonelle jordbruket skaper stort press på både jorda og vassressursane. Dei moderne jordbruksmetodane, som gjev større og sikrare avlingar på mindre areal og brukar mindre vatn, er utilgjengelege for småbønder i verdas fattigaste land. Både irrigasjonsutstyr, frø og kunstgjødsel blir berre selde i store kvanta. Bøndene manglar utdanning og dei færreste har råd til å investere.

Bønder som brukar moderne jordbruksteknologi, slepp å hente vatn i brønnar og elvar. I staden for fyller dei ei bøtte med vatn, som er kopla til to slangar. Slangane har små hol, slik at vatnet piplar ut og gjev ei jamn vatning av grønsakene. Bøndene kjøper seg ei startpakke som består av kvalitetsfrø, eit irrigasjonssett og gjødsel. Eit slikt sett kostar rundt 100 kroner. Før måtte dei hente vatn fleire gongar om dagen slik at plantene fekk nok vatn. Takka vere irrigasjonssystemet, får plantene vatnet dei treng.

Ofte kan det vere trøgt om plassen i landsbyar og hagar, difor er også plassutnytting eit viktig tema. Phanga lærer bort. I staden for å plante ei rad med tomatar, brukar dei same plassen til å dyrke rader. I tillegg får bøndene ei innføring i kva grønsaker som eignar seg best å dyrke og korleis dei best bør lagrast slik at dei kan auke inntektene sine.

– Bøndene som er med i prosjektet har tent nok til å kjøpe seg ein hønsegard, skoleuniformer eller sende barna på skole. Dei har også nok mat til heile familien. I tillegg kan vi sjå at dei kjøper meir land og på den måten utvider jordbruksarealet sitt, forklarer han.

Etter at bøndene vart med i prosjektet, kan agronomen sjå stor forskjell i liva til folk.

– Bøndene og familiene deira har no enkel og føreseileg tilgang til grønsaker. Dei har auka inntektene sine og dei investerer vidare. Før hadde dei kanskje ingen eller lite pengar. No har dei ei stabil inntekt, som syter for næringsrik mat på bordet kvar einaste dag.

Denne endringa gjer at han har tru på framtida.

– Målet mitt er å få andre til å sjå korleis dei sjølv kan endre liva sine. Som nyuttanna håpa eg at eg skulle få oppfylt draumen min om å jobbe i Kirkens Nødhjelp. No gjer eg det, og det gjer meg glad og takksam. Måten Kirkens Nødhjelp jobbar med lokalsamfunn på, er riktig og viktig. Eg er veldig stolt over at eg får vere med på å forandre verda.



Nye metodar: Agronomen har ansvar for 17 område med 12 bønder i kvart område. Han lærer dei om nye metodar og korleis ein får mest ut av grønsakåkeren sin.

I Tysvær og Bokn kjem konfirmantane med bøssene i årets fasteaksjon siste veka før palmesøndag. Kva vekedag varierer i dei ulike sokna.

Ta godt imot konfirmantane, med både smil, kontanter og vippes.

Solgården 31. mai - 7 juni

tekst: Lisbeth Skilhagen Haaheim



Tommy, Gunnar, Roger og Norfrid er nå klare og gleder seg til å reise på ferie- og kirkefellesskapstur til SOLGÅRDEN i Spania.

Vi møtes til bibelsamlinger med mye sang og musikk, og vi kan avslutte dagene med rolige kveldssamlinger der vi synger, deler gode ord til ettertanke og finner ro for natten.

Vi forbereder sammen søndagens gudstjeneste i Minnekirken, en fargerik og livsglad gudstjeneste som inkluderer oss alle. Men mest av alt gleder disse gutta seg til å bading i basseng eller i sjøen, nyte varmen, være med på utflukter, kveldsunderholdning på festplassen og møte andre kjente eller stifte nye bekjentskaper.

Det er 120 stykker fra hele Stavanger bispedømme som har meldt seg på denne turen. På SOLGÅRDEN skal vi også i år la livsgleden blomstre.

“Trusopplæring for vaksne”

Nedstrand sokneråd har fått spørsmål om me kan ta på oss å arrangere temakveldar for vaksne, noko me sjølv sagt vil prøve på.

Datoene er ikkje lagt ennå, men det me ser for oss er at me møter i Skjoldastrauen kyrkje ein tirsdagskveld kl. 19.30.

Her startar me med å syngje songar frå salmeboka, og kanskje du har ein favorittsong me kan syngje? Organisten vår spelar piano til og etter ein halvtimes tid, går me / kjører me ned til Grendasenteret for å ete ein gode kveldsmat saman.

I skrivande stund er ikkje alt på plass, men pensjonerte sokneprest Eldbjørg Andreassen vil kome å snakke om «Kvinner i Bibelen». I tillegg håper me å få høre meir om «salmenes bok».

Har du eit tema du kunne tenkt deg å lære meir om frå Bibelen, er det berre å ta kontakt med folk i Soknerådet til Nedstrand.

Velkommen!

KyrkjeNÆR

tekst og foto: medarbeidarane i KyrkjeNÆR



4 år: barnebibel Aksdal kyrkje.
Fireåringene ble inviterte på to samlinger, en om bibelen og den andre som undretur i kirka sammen med foreldre! Mye å se og oppleve! Søndag 13. mars mottok barna bibelen i gudstenesten.



Bibelpizzatreff for 5. klasse i Førresfjorden menighet, 16.februar. Utdeling av bibel blir ved gudstenesten i Aksdal kyrkje 3.april.
Bibelutdeling og bibelpizzatreff
Bibelutdeling i Skjoldastrauen
13. februar og Nedstrand 20. februar.
Bibelpizzatreff 7. mars for begge kyrkjelydane for å læra bruk av bibel, ete pizza og ha det moro saman og motivere til leir!

I år dreg 5.klassingane på leir på Stemnestaden - Kyrkjenær i samarbeid med Acta Normisjon.



5. klassetreff
Bilde av bygging frå samlinga på Bokn og fruktservering i Tysvær.



Babysong
Babysong for Tysvær og Bokn er eit populært tiltak. Babyar med ein av foreldra møtes på torsdagane denne våren. (Sjå facebookgruppa "Babysang på Tysvær soknehus")



Dåpsskulane på Førland, Tysvær og Bokn er i gong. Her er bilete frå den fyrste samlinga i Tysvær.

Ny diakon i kirkene i Tysvær

av Katrine Eide

Rett fra jobben som menighetspedagog i Vår frelsers menighet kommer den nyutdannede diakonen, Synnøve Svensson Haakonseth. I dag har hun sin fjerde dag på jobb i Aksdal kyrkje, og innrømmer at alle inntrykkene tar litt på i starten av en ny jobb.

Til nå har hun rukket over både Simenklubben, Etter skoletid, Kyrkjeonsdag, kyrkjearmøte, ministabsmøte og babysang. I tillegg til å hilse på en gjeng med nye folk, og sette seg inn nye oppgaver, har litt oppstartsproblem med IT og data, er det klart det blir en del å fordøye på så kort tid.

Haakonseth kan fortelle at hun også allerede har vært med på å legge gulv oppå det nye lekerommet i Aksdal kyrkje.

Et år siden forrige diakon i Tysvær

Den nye diakonen «som alle vil ha en bit av» har nå tatt seg tid til en kaffe inne på kontoret til undertegnede. Det er gått et helt år siden forrige diakon sluttet i Tysvær, så hun er etterlengtet. Det kan kirkevergen i Tysvær, Eva Birkeland bekrefte.

-Vi er kjempeglade for å ha fått henne, sier Birkeland som står i døren inn til kontoret.

I Synnøve har vi fått tak i en med kvalitet, som er nyutdannet og ung, poengterer hun.

-Har du noen tips til Synnøve, som ny i jobben i Tysvær?

-Det er lurt å ta en stein om gangen, det er lov å være ny og gjøre seg kjent, svarer Birkeland.

Synnøve smiler og tar til seg komplimentene og rådene fra den like blide nye kollegaen og sjefen hennes. Så går Birkeland tilbake til sitt eget kontoret mens undertegnede skal prøve å bli enda bedre kjent med den unge damen som har jobbet i Den norske kirke både i Karmøy og Haugesund tidligere.

-Det er som regel kaffe jeg drikker.

Jeg drikker mye kaffe, så blir det for mye en dag tar jeg meg gjerne en kopp te også, smiler den nye diakonen mens hun holder godt rundt et hvit kaffekrus.

Bereist og bestest

Masteren i diakoni begynte hun på for litt over 5 år siden. Da bodde hun sitt siste av seks år i Sverige. Hun er nemlig gift med en svenske som hun møtte i Kina. Jenta er oppvokst på Gard og bor i dag ved Kvalsvik, nord i Haugesund, ikke så langt unna barndomshjemmet.

Men hun har på ingen måte holdt seg i ro i Haugesund hele livet. Hun elsker å reise, synes det er gøy med kart, hovedsteder og flagg, og kan fortelle oss at favorittspillet hennes er «flaggspillet».

Undertegnede prøver å holde tunga beint i munnen



når Haakonseth forteller om alt hun har studert og steder hun har bodd. Haugesund, Alta, Bergen, Oslo, Kristiansand, Kina og Sverige er blant stedene hun har oppholdt seg i lengre perioder.

Fra Skeisvang videregående i Haugesund bar ferdens videre til friluftslivlinjen på Folkehøgskolen Øytun, i Alta.

-Jeg lengtet bort, forteller hun. Og det er ikke lite hun interesserer seg for. Hun har vært innom å sanket studiepoeng på både sykepleiestudiet, kristendom, nordisk, religionshistorie, kulturhistorie, medievitenskap, menighetspedagogikk, og ikke minst diakoni-som hun nå har en master i.

Kontrollerende myndigheter i Kina
I Sør-vest Kina, i byen Kunming, jobbet hun som et-åring gjennom Aeropagos, en norsk-dansk misjonsstiftelse. Der jobbet hun sammen med kinesere, nordmenn og svensker på et kristent kultursenter, som prøvde å skape en arena for kristne og ikke-kristne å møtes.

-Vi arrangerte kulturarrangement, og fikk aldri lov å innlede en samtale om kristen tro med folk som kom dit, med mindre de selv startet samtalen.

Kinesiske myndigheter er fremdeles strenge ifht evangelisering, og de ansatte var med å besøkte undergrunns menighetene til kinesiske kollegaer hvor de hadde møter i skjul. Haakonseth var overrasket over hvor kontrollert alt var, da hun blant annet opplevde å få bloggen sin nedstengt- og facebook var kun åpent for befolkningen av og til.

-Det var alltid en fare for at det kunne komme en «spion» fra myndighetene og avsløre om vi hadde prøvd å arrangere noen kristne møter, eller evangelisere ved kultursenteret.

Møtte mannen sin i Kina

Men på kultursenteret i Kunming møtte hun altså, han som i dag er mannen hennes, John-Olof, som jobber som organist i Utdland.

Etter Kinaopphold og studier i Bergen flyttet de begge til «Malmø» et år, før ferdens gikk videre til den svenske byen «Hjo» i fem år. Der fikk de tre barn på tre og et halvt år.

-Da var jeg for det meste hjemmeværende med barna, sier mammaen til to gutter og en jente i barneskolealder.

Tilbake til Haugalandet

Samtidig som hun har tatt master på deltid har hun de siste årene jobbet som trosopplærings og diakon medarbeider i Avaldsnes menighet, og sist som menighetspedagog i Vår Frelsers menighet i Haugesund.

Så det er en erfaren ung dame som begynner i jobben som diakon i Tysvær.

-Er det noen erfaringer du tenker at du kan få ekstra bruk for i den nye jobben som diakon i Tysvær?

-Jeg tror jeg har blitt god på å tilpasse meg fordi jeg har flyttet litt rundt, så er god på å gjøre meg kjent med nye oppgaver.

Hun forteller videre at hun tror at det at hun har møtt veldig mange mennesker på sin «livs reise», kan være en god erfaring å ha med seg, når hun nå skal møte mange ulike mennesker.

En introvert som er glad i mennesker

Det er tydelig at Haakonseth har mange refleksjoner rundt dybden i et menneske, og forteller at hun mener at det finnes så mange historier bak hvert liv. Hun synes det er spennende å møte historiene bak hvert menneske.

- Hvert enkelt menneske er som en egen verden i seg selv, forklarer hun engasjert.

-Fortell oss litt mer om historien om deg selv?

Den nye diakonen vår kan fortelle at hun er glad i grønt. Og glad i mennesker.

-Jeg ble veldig glad når stillingen her ble lyst ut, sier hun

Hun ser seg selv som litt introvert.

